



REFERAT STYREMØTE 16. NOVEMBER 2016

STYREMØTE, onsdag 16. november 2016 kl. 1120-1345

STAD: Biblioteket i Holet

Tilstades: Margarethe L'orange (ML), Grethe Larsgard Rudningen (GLR), Maria Søndrål (MS), Odd Olveisgard (OO), Eva Almhjell (EA) og kasserar Ola Ruud (OR - ikkje formelt medlem i styret)

Referat: GLR, 20.11.16

Sak	Tema	Ansvar/Oppfølging
1	<p>Sidan sist (10.10.16)</p> <p>- Vika 13.10.16 (Foredrag om kvinnene i Olverbøkene av EA).</p> <p>- OLAV SLETTO-DAGEN 2016 – 15.10.</p> <p>- Boksal pr. dd.</p> <p>- Økonomi</p>	<p>Vel 40 folk tilstades. Positiv attendemelding.</p> <p>MS, ML, GLR, EA(sjå nyhende nettsida). Utruleg bra dag, men Loke-foredraget var nok helst for dei spesielt interesserte. Styret er sers nøgd med nylanseringa! Sjå sak 5.</p> <p>Nær 50 bøker, hefter og CD seld i 2016 (inkl. Bokmessa på Ål 19.11.16). Styret svært nøgd med boksalet.</p> <p>Kasserar: Kr. 44 000 på konto pr.dd. – inkl. kr. 5000 til minnetavle i Sletto og kr. 9000 i stønad til OLAV SLETTO-DAGEN 2016 frå Hol kommune, og kr. 5000 til same dagen frå SpareBankstiftelsen Hallingdal. Styret er svært takksam for støtta, og har takka gjevarane.</p>
2	<p>Årsmøte 2017</p> <p>- På val 2017: Styret - EA, GLR, OO. Vara – Eva Cecilie Sletto. Valnemnda: Oddvar Reinton</p> <p>- Vedtektsendringar - §§ 5, 7 og 9 og 2???</p> <p>I tillegg til dei endringane som låg i invitasjonen til møtet, tok vi i møtet opp endring av §2. FØREMÅL.</p> <p>§ 2. FØREMÅL Føremålet med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sitt forfatterskap. Dette kan gjerast m.a. ved:</p> <ul style="list-style-type: none">• å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta• å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket• å medverka til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta• å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnaren og hans produksjon• å arrangera foredrag, seminar, kurs og ekskursjonar m.v.• å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek• å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etter- latne manuskript, brev m.v.	<p>Styret sette fyrst datoen til 31. mars, men endra den i styremøte 10.10.16. Årsmøtedato blir 21. april 2017 på Vika kl. 18 inntil kl. 2130. Møterom er bestilt.</p> <p>Styret: EA og GLR tek attval. OO ikkje. Vara: ECS stiller ikkje til attval. Reinton stiller i ein periode til.</p> <p>Styrets forslag til vedtektsendringar til årsmøtet (forslag til endringar i kursiv):</p> <p>§2. FØREMÅL. – endre prikkpunkt 4 til ”å arbeide for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnarens <i>liv og dikting.</i>” Ellers uendra.</p> <p>Prikkpunkt 4 lyder etter dette:</p> <ul style="list-style-type: none">• å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om <i>kunstnarens liv og dikting.</i> Grunngjeving: Endringa rettar seg etter den praksisen selskapet har hatt under EAs leing, jf. forordet til OSS Årshefte 2014.

3	<p>§ 5. REKNESKAP. Rekneskapen skal først av vald rekneskapsfører. Fungerande nestleiar/kasserar attesterer alle utgiftsbilag. Nestleiar/kasserar har prokura og underteiknar.</p> <p>§ 7. ÅRSMØTET. Årsmøtet skal heldast i løpet av fyrste halvår. Årsmøtet handsamar årsmelding og rekneskap, arbeidsplan, vedtektsendringar og vel styre og revisorar. Saker som skal takast opp på årsmøtet må vera styret i hende 14 dagar før. Årsmøtet skal kallast inn med minst 1 månads varsel. Kvar årsmøtedeltakar har 1 stemme.</p> <p>§ 9. VEDTEKTSENDRINGAR.</p> <p>- Tilbod frå Boksmia (sjå også innspel frå Britt-Mari Sletto i e-post datert 1.11.16 – sendt alle i styret).</p>	<p>§5. REKNESKAP. Endre dei to siste setningane til ”<i>Leiar/kasserar</i> attesterer alle utgiftsbilag. <i>Leiar/kasserar</i> har prokura og underteiknar.”</p> <p>Ordlyden blir etter dette: ”Rekneskapen skal først av vald rekneskapsfører. <i>Leiar/kasserar</i> attesterer utgiftbilag. <i>Leiar/kasserar</i> har prokura og underteiknar. Ellers uendra. Grunngjeving: Endringa rettar seg etter praksis vedtatt av årsmøtet 2016.</p> <p>§ 7. ÅRSMØTET. – Endre den tredje siste setningen slik: ...Saker som skal takast opp på årsmøtet må vera styret i hende <i>3 veker</i> før.” Ordlyden blir etter dette: ”Årsmøtet skal heldast i løpet av fyrste halvår. Årsmøtet handsamar årsmelding og rekneskap, arbeidsplan, vedtektsendringar og vel styre og revisorar. Saker som skal takast opp på årsmøtet må vera styret i hende <i>3 veker</i> før. Årsmøtet skal kallast inn med minst 1 månads varsel. Kvar årsmøtedeltakar har 1 stemme.</p> <p>§ 9 VEDTEKTSENDRINGAR. – Eksisterande ordlyd blir behelde. Den blir etter dette: ”Framlegg til endring av vedtektene skal sendast styret seinast 4 veker før årsmøtet. Gyldig vedtak kan fattast på ordinært årsmøte med 2/3 fleirtal. Årsmøtet vel styremedlemmer og leiar i selskapet. Styret konstituerer ellers seg sjølv.”</p> <p>ML foreslo å ha denne saka som eigen post på sakslista. Styret samd. Saka fekk saksnr. 3. Dei sakene som følgjer vart tilsvarande endra. Presisering: Leiar overtek Boksmia sin andel av boksalet. OSS sin andel er myljolegget myljo salspris og Boksmia sin andel. Årsmøtet blir rutinemessig orientert. EA var ugild i saka då den vart handsama i styremøte 10.10.16 og forlet møtet da saka vart drøfta. Dette vart ikkje protokollført i referatet frå styremøtet 10.10.16.. Det seier styret seg lei for. EA var framleis ugild under punkt 3 i dagens møte og forlet møterommet. Styret skriv eit tilsvar til Britt-Mari Sletto. Årsmøtet blir orientert om saka.</p>
4	<p>Årshefte 2017</p>	<p>Artiklar av Eva-Charlotte Mørk og Eva Almhjell klar, samt ein artikkel av Ragnar Ytrehus om venskapen mellom Alf Larsen og Olav Sletto. Artikkel av Helge Hognestad vonaleg klar til fristen 30. mars 2017. Styret vil vurdere om EAs artikkel skal koma i Årshefte 2018, ev. saman med artikkel om Karin Sletto (f. Bryde).</p>
5	<p>AKTIVITETAR - Prosjekt digitalisering (skanne sentrale dokument i OS-arkivet. og publisere på heimesida). Dugnadsinnsats frå OSS-styret. Oppstart 14. nov. 2016.</p>	<p>Oppstart som planlagt, men tekniske problem som vi ikkje fekk løyst der og då. EA held fram med arbeidet, som er svært omfattande, under gunstigare tilhøve. Styret er sers takksam for velvilje og praktisk hjelp frå sentraladm. i Hol kommune, og har takka for det. Styret samd om den vidare framdrift i prosjektet.</p>

	<p>- Bokmesse på Ål 19. november 2016.</p> <p>OLAV SLETTO-DAGEN 2017 – inngangspengar?</p>	<p>Styret støttar at EA deltek med basis i artikkel om Olver og kvinnene i DØLAMINNE 2016, samt at vi har eigen OSS-stand. OO og GLR deltek på stand/messa.</p> <p>Sjå sak 1, strekpunkt 2. Styret samd om å halde fram med dagen i 2017. Stad: Ål. Datoen blir 21. oktober 2017. Styret var samd om å ta inngangspengar kr. 150, inkl. mat og drikke.</p> <p>Styret arbeider vidare med programmet – men vi har alt sterke namn og tema basert på ny forskning klar.</p>
6	<p>Eventuelt: - Diverse (kontakt med Mons Muri mm.)</p>	<p>-EA har vore i kontakt med Mons Muri (son av Irene, yngste dotter til Olav og Karin Sletto). Han kjem med innspel til Karin Sletto-artikkel. Styret nøgd.</p> <p>-Styret samd i at EA og ML følgjer opp uforbindtleg tilbod om hjelp til betre synlegheit for Olav Sletto-selskapet og Olav Slettos diking på nettet.</p> <p>-Styret støttar at EA følgjer opp idé om samarbeid om App og folketru.</p> <p>-EA er i kontakt med hallingmiljøet i USA.</p> <p>-ML-innspel til endring av protokoll frå styremøte 10.10.16. I sak 1, strekpunkt 2, om OS-minnetavla i Sletto skal det heite at styret tok reaksjonane til ”orientering”, (ikkje etterretning). Endring hermed gjort. Styret samd i dette.</p> <p>-Medlemsbrev nr. 2/2016 er klart og vil inkl. Bokmessa på Ål 19.11.16 (EA). ML sender brevet ut til medlemmene – e-post til dei som har det og snyglepost til dei som ikkje har det. Styret samd om denne arbeidsdelinga. Brevet blir som vanleg publisert på www.olavslettoselskapet.no</p> <p>-Viktig at styret skriv notat frå aktivitetar som t.d. Olav Sletto-dagen, og prøver få stoffet inn i lokale media, dersom desse ikkje følgjer opp invitasjon frå Olav Sletto-selskapet til å dekke aktiviteten. Styret samd om dette.</p> <p>- Styret samd om å vera med på Per Sivle-lagets initiativ for å få dei gløynde nynorskforfattarene fram i lyset (jf. Alv Reidar E. Dale frå Sivlelaget i årsmøtet i 2015). Olav Sletto er ein av dei aktuelle forfatarane i denne samanheng. Møte i Flåm 1.-2.4. 2017.</p> <p>- Prof. Jan Inge Sørbo, HiVolda, har - etter innspel frå OSS-styret - skrive om Olav Sletto i si bok (som kjem) om nynorsk kulturhistorie.</p> <p>- Styret drøfta moglege bokprosjekt i framtida.</p>